

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
  
**DATO:** 06.06.2017  
**SAKSHANDSAMAR:** Terje Arne Krokvik  
**SAKA GJELD:** **Revidert nasjonalbudsjett 2017**  
  
**ARKIVSAK:** 2017/522  
**STYRESAK:** **068/17**  
  
**STYREMØTE:** **21. 06. 2017**

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Inntektene til helseføretaka blir justert med følgjande beløp i heile tusen kroner:

Endringar i inntektene for 2017 - RNB (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Sum Inntekt 2017 sak 005/17 B	5 947 594	3 139 671	9 504 036	2 525 970	4 045 205	25 162 476
Endring pensjon helseføretaka	-27 600	-24 700	-22 400	-19 800		-94 500
Endring pensjon HV IKT og HV RHF					5 200	5 200
Reduksjon av reserven - dekning pensjon					-5 700	-5 700
<b>Ny inntekt 2017</b>	<b>5 919 994</b>	<b>3 114 971</b>	<b>9 481 636</b>	<b>2 506 170</b>	<b>4 044 705</b>	<b>25 067 476</b>

Endringa i inntektsramma skal innarbeidast i rapporteringa pr. juli.

Endring i pensjonskostnad hos Helse Vest IKT og Helse Vest RHF blir handtert administrativt i eigen ekspedisjon innanfor ein samla kostnadsramme på kr 5,2 mill.

## Oppsummering

Regjeringa la i mai 2017 fram forslag til «Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjett 2017»(Prop. 129 S 2016-2017). Budsjettet blir vedtatt av Stortinget i slutten av mai månad.

Helse Vest legg med dette fram forslag til endring av inntekta til helseføretaka som følgje av redusert pensjonskostnad i 2017.

Det blir her tatt atterhald for Stortinget sin behandling og avgjer om revidert nasjonalbudsjett.

## Fakta

Denne saka omhandlar fordeling/justering av inntekter til helseføretaka som følgje av endringar som er vedtatt i Revidert nasjonalbudsjett. Dette gjeld følgjande poster:

- Pensjon – redusert basisramme som følgje av redusert pensjonskostnad
- Justering i driftskreditt til helseføretaka – blir stadfesta i føretaksmøte i juni.

I tillegg er det løyva midlar til »Raskare tilbake» ordninga med kr 5,2 mill. knytt til omlegging av ordninga . Midla er flytta frå post Tiltak for arbeidssøkjarar og bidrar til å vidareføre dagens tenestetilbod til arbeidsretta rehabilitering.

Det er og løyva auka midlar til kvalitetssikring av livmorhalsprogrammet med kr 5,2 mill. Ein viktig årsak til at kvinner utviklar kreft til trass for at dei har deltatt i livmorhals screening, er at klinikarane og patologar ikkje alltid har tilgang til kvinna si fullstendige screening historikk. Løyvinga skal gå til å utvikle IKT-løysingar som mogeleggjir elektronisk informasjonsutveksling mellom laboratoria og Kreftregisteret.

## Pensjon:

Nye berekningar for pensjonskostnaden i 2017 viser at kostnaden for dei regionale helseføretaka vil bli redusert med kr. 500 mill. i forhold til saldert budsjett 2017. Den reduserte kostnaden skuldast endringar i dei økonomiske føresetnadane som ligg til grunn for berekning av pensjonskostnad. I tråd med den etablerte ordninga for handtering av pensjonskostnader blir basisramma til dei regionale helseføretaka derfor redusert med kr 500 mill.

Reduksjonen i inntektsramma til dei regionale helseføretaka blir gjennomført i tråd med inntektsmodellen. For Helse Vest inneber dette ein reduksjon i basisramma med kr 95 mill.

I følgje KLP sine berekningar vil helseføretaka få følgjande reduksjon i sine pensjonskostnader i 2017:

Oppdatert berekning pensjonskostnad (tal i heile tusen kroner)	Ny berekning jan. 2017	Opphavig berekning St.prp.1	Redusert pensjon 2017
Helse Stavanger	665 600	693 200	-27 600
Helse Fonna	339 600	364 300	-24 700
Helse Bergen	1 158 200	1 180 600	-22 400
Helse Førde	259 600	279 400	-19 800
Sjukehusapoteka Vest	17 900	17 900	0
Helse Vest IKT	51 100	45 400	5 700
Helse Vest RHF	9 700	10 200	-500
<b>SUM Helse Vest</b>	<b>2 501 700</b>	<b>2 591 000</b>	<b>-89 300</b>

Helse Vest har praktisert ei ordning der ein handterer dei faktiske endringar i pensjonskostnaden overfor helseføretaka. Dette inneber at når kostnaden blir lågare enn det som låg til grunn for inntektsfordelinga blir det gjort ein tilsvarende reduksjon i basisramma til føretaka.

Inntektsreduksjonen frå Staten til Helse Vest er på kr 95 mill. medan den faktiske kostnadsreduksjonen er på kr 89,3 mill. Den negative forskjellen på kr 5,7 mill. blir føreslått dekkja av til reserven i RHFet. Dette inneber at reserven blir som følgjer:

Reserve i RHFet i konsernbudsjettsaka	kr 139,6 mill.
Reduksjon som følgje av pensjon	<u>kr 5,7 mill.</u>
Justert reserve i RHFet	<u>kr 133,9 mill.</u>

I statsbudsjettet for 2017 er det lagt til grunn ein pensjonspremie for dei regionale helseføretaka på kr 13 630 mill. I tillegg blei det lagt opp til at helseføretaka skulle nytte kr 5 100 mill. av sine premiefond til å betale delar av pensjonspremien. Med ein anslått pensjonskostnad på kr 13 700 mill. blei det derfor lagt til grunn ein samla reduksjon i driftskredittramma på kr 5 170 mill.

Premieanslaget var basert på ein lønnsvekst på 2,7%. Denne er no redusert til 2,4%, noko som reduserer anslag for pensjonspremie med kr 580 mill. til kr 13 050 mill.

I statsbudsjettet for 2017 blei det ved ein feil ikkje tatt omsyn til at den del av pensjonspremien som blir betalt frå premiefond er unntatt frå arbeidsgivaravgift. Når det blir tatt omsyn til dette blir betalbar pensjonspremie redusert med kr 720 mill.

Samla effekt av desse forholda gjer ein reduksjon i driftskreditt som følgjer:

Reduksjon av premie som følgje av lågare lønnsvekst	- 580 mill.
Lågare arbeidsgivaravgift	- 720 mill.
Redusert basisramme som følgje av redusert kostnad	<u>+ 500 mill.</u>
Sum reduksjon i basisramma	<u>- 800 mill.</u>

For Helse Vest vil denne delen av justering utgjere mellom kr 150-155 mill. Driftskredittramma er før denne endringa sett til kr 151 mill. ved utgongen av 2017. Dette

inneber at Helse Vest samla sett ikkje vil ha nokon driftskreditt ved utgangen av 2017. Det vil framleis vere intern driftskreditt i Helse Bergen og Helse Førde.

Fastsetting av ny driftskreditt til dei regionale helseføretaka vil bli gjort i føretaksmøte, og endringar på helseføretaka vil dermed bli gjort administrativt med basis i vedtaket i føretaksmøtet.

## Konklusjon

Administrerende direktør tilrår at det blir gjennomført ein reduksjon i basisramme til helseføretaka i tråd med faktisk reduksjon i pensjonskostnad 2017.

Dette gir følgjande samla endring i inntektene til helseføretaka for 2017:

Endringar i inntektene for 2017 - RNB (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Sum Inntekt 2017 sak 005/17 B	5 947 594	3 139 671	9 504 036	2 525 970	4 045 205	25 162 476
Endring pensjon helseføretaka	-27 600	-24 700	-22 400	-19 800		-94 500
Endring pensjon HV IKT og HV RHF					5 200	5 200
Reduksjon av reserven - dekning pensjon					-5 700	-5 700
Ny inntekt 2017	5 919 994	3 114 971	9 481 636	2 506 170	4 044 705	25 067 476